



Kjetil Tufte

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2696 - 16/22764

Saksbehandlar:

Marius Flemmen Knudsen

marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:

01.12.2016

Svar på spørsmål om mogleg avrenning til Mjåtveitelva

Viser til dykkar e-post av 07.11.16 der de er bekymret for avrenning til Mjåtveitelva frå grunnarbeid på Elvaåsen.

Meland kommune har vore i kontakt med utbyggjar for å få klarlagt kva tiltak dei skal gjennomføre for å unngå avrenning til Mjåtveitelva. Det vart stilt som vilkår i rammeløyve for opparbeiding av utomhusareal Elvaåsen, at tiltak for å unngå avrenning skal setjast i verk før oppstart av byggetiltak. Kommunen har fått skriftleg tilbakemelding frå utbyggjar og entreprenør på kva tiltak dei skal gjennomføre.

Meland kommune har i møte med utbyggjar, entreprenør og planleggjar gått gjennom utfordringa til vassdraget. Utbyggjar skal leggje ein tett voll langs heile utbyggingsområde for å sikre at det ikkje oppstår avrenning frå anlegget. Dei vil også ta vassprøvar for å sikre at avsigtet ikkje inneheld for mykje partiklar. Entreprenøren vil truleg starte bygginga av vollen i januar 2017, dei vil varsla kommunen når arbeidet med vollen er i gang. Entreprenøren har flytta dieseltankar og liknande.

Meland kommunen opplever at utbyggjar, planleggjar og entreprenør tar oppgåva alvorleg og er oppteke av at dei ikkje vil gjere tiltak som kan påverke vassdraget negativt. Kommunen vil følgje med på at tiltaka vert gjennomført som skissert.

Dersom de skulle ha spørsmål, kan de kontakta underteikna.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Kopi til:

Christian Fuglseth

Boligbygg Vest AS

Mottakere:

Kjetil Tufte